

**From:** Mai-Liss Møn <lissmai@icloud.com>  
**Sent:** torsdag 17. februar 2022 22:41  
**To:** Erlend Trones  
**Cc:** Øystein Hella Skiftesvik  
**Subject:** Re: Namnesak 2020/551 - Selfallet/Seilfaldet

Sidan skrivemåten skal fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, vil anten Seglfallet eller Seglfaldet vera rett etter opphaveleg ynskje frå velforeininga.

Eg tvilar på at dei første som budde her hadde så god peiling på gjeldande rettskrivingsprinsipp, bunden form av inkjekjønnord, diftongar, førelekkar eller etterlekkar.

Det hadde nok ikkje danske embetsmenn som hadde arbeidet med å kartlegge stadnamn heller.

Me brukar mange av dei same argumenta som dykk, men når de argumenterar er det historielause og ukjende teoriar som ligg bak. Teoriar som ingen har høyrd om før, som er lite truleg (seljeskog, eit sèl) og som ikkje har tradisjon til staden.

Når me argumenterar, er det logisk tenking sett i samanheng med geografisk plassering og nedervd historie som ligg til grunn. Det er ei nedervd kysthistorie om korleis samferdsle og kommunikasjon fungerte og slik sett eit kulturminne frå tidlegare generasjonar.

Konklusjonen dykkar om at førelekken i allefall ikkje kan ha noko med segl å gjere, sitt eg eit stort spørsmålteikn med, og eg undrar meg om de har sett dykk inn i staden me bur på og historia her.

Mtp uttale, så har den opprinnelege uttalen som mange hadde; «Sællfalle/Sælfadle», som de har som første argument, no etter dykkar namneskifte blitt endra til «Sèlfallet».

Ingen uttala namnet med trykk på første vokal før de endra det.

Det vart eit heilt nytt namn med ei heilt ny mening.

Så ikkje berre skrivemåten frå før 1865 er vekke, men den opprinnelege uttalen som mange hadde er også vekke. Det nedervde stadnamnet er vekke.

Ansaret for at det har tatt så lang tid slik at den nye uttalen har fått slå rot, må nokon andre ta på seg.

Det vert «David mot Goliat»-preg over saksgangen, og at Namnekonsulentane har drenert saka slik dei har gjort over så mange år (kanskje venta på at eg skulle gje opp?) kan underbygge dette.

Det er meir å seia om vedtaket som vart gjort, men akkurat det du spør om har du fått svar på no i første omgang.

ML

1. feb. 2022 kl. 11:21 skrev Erlend Trones <[Erlend.Trones@kartverket.no](mailto:Erlend.Trones@kartverket.no)>:

Hei

Takk for tilbakemelding. Mai-Liss Møn fekk varsel om vedtaket om skrivemåten Selfallet 13.12.2021, og ho klaga 03.01.2022 på vedtaket. Då reknar me det altså som ei klage innan klagefristen på 3 veker på vegner av Selfallet Vel, som har serleg tilknytning til namnet, jf. § 12 fyrste ledd og § 6 bokstav c i lov om stadnamn. Det tyder at det vert ein ny runde i denne saka. Me kjem til å senda ut saka på ny høyring innan kort tid.

Det går ikkje heilt klart fram i klaga kva skrivemåte de vil ha av stadnamnet. Fint om de gjev ei tilbakemelding om det før me sender ut nytt høyringsbrev.

Med venleg helsing

<image001.png>

Erlend Trones  
namneansvarleg region vest  
Eigedomsdivisjonen  
Tlf.: 32 11 86 43

E-post: [erlend.trones@kartverket.no](mailto:erlend.trones@kartverket.no)

Tlf. Kartverket: 32 11 80 00

[www.kartverket.no](http://www.kartverket.no)

---

**Fra:** Øystein Hella Skiftesvik <[oystein@skiftesvik.no](mailto:oystein@skiftesvik.no)>

**Sendt:** tysdag 1. februar 2022 09:15

**Til:** Erlend Trones <[Erlend.Trones@kartverket.no](mailto:Erlend.Trones@kartverket.no)>

**Kopi:** Mai-Liss Møn <[lissmai@icloud.com](mailto:lissmai@icloud.com)>

**Emne:** Namnesak 2020/551 – Selfallet/Seilfaldet

Mai-Liss Møn har fullmakt frå styret i Selfallet Vel (Org nr 995 688 859) til å jobbe vidare med namnesaka som styret starta i 2012. Dette vart bestemt etter årsmøtevedtak i velforeininga.

Med vennlig hilsen

Øystein Hella Skiftesvik

---

Øystein Hella Skiftesvik  
Selfallet 80

Mobil: +47 901 91 277  
E-mail: [oystein.hella@skiftesvik.no](mailto:oystein.hella@skiftesvik.no)

5936 Manger

Skype: [skiftesvik@hotmail.com](mailto:skiftesvik@hotmail.com)